

Bjarne Fuglesteg  
Gausetvegen 750  
3656 Atrå

Dato: 29.09.2016  
Vår ref.: 2014/11266-19  
Saksbehandlar: IREVELU  
Dykkar ref.: Brev av 18.08.2016

## Angående vinteråpen veg over Imingfjell Fv. 755/124 Tessungdalen-Uvdal

Vi viser til dykkar brev av 18 august 2016 der du ber om at vegen over Imingfjell Fv. 755/124 blir vinteropen, då vinteropen veg ikkje medfører problem for villreinen.

Dette brevet inneheld ei orientering om kvifor Imingfjell er vinterstengd, samt svar på dykkar førespurnad. I vedlagt saksframlegg til søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell, finn ein grundig bakgrunnsmateriale om saka.

Imingfjell Fv. 124 er del av Nasjonalt villreinområde i Regional plan for Hardangervidda. Lenke til planen: <http://www.fylkesdelplan-hardangervidda.no/uploads/Hardangervidda%20rapport%20-%20trykket%20versjon%20-%20mars%202012.pdf>

Vinterstenginga av Imingfjell Fv. 124 er fastsett i retningslinje 2.3, på s. 49, av omsyn til villreintrekk til Lufsjåtangen:

- «Veien kan holdes åpen med unntak av perioden 30. november til 1. april, eller til påske når denne faller i mars.
- Veien kan stenges på kort varsel dersom det er villrein i området.»

I konsekvensutgreiinga til planforslaget vart vinterstenging av Fv. 124 trekt fram som eit av dei viktigaste heilheitsgrepa i plandokumentet, jf. s. 58-61.

- «Fv. 124 anbefales videreført som i dag, dvs. at den skal være stengt for bruk om vinteren.
- Dette er viktig for å holde trekket til gode vinterbeiter på Lufsjåtangen åpent.
- Det vurderes som særlig viktig fordi den andre store østlige tungen, Dagalitangen, i praksis er gått ut av bruk.
- Det er usikkert om det virkelig er behov for Lufsjåtangen når stammen er på ca. 11.000 dyr, men ut fra et føre-var prinsipp vurderes dette som riktig prioritering.
- Denne tungen er også viktig reserveareal i vintre med mye snø og is inne på selve Vidda.»

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak på møte 29.10.2015 i handsaming av Nore og Uvdal kommune sin søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg Imingfjell.

«1. Fylkesutvalet i Hordaland avslår søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell av omsyn til villreinens behov. Spørsmålet vart grundig vurdert i Regional plan for Hardangervidda og vart ut frå ei heilskapleg vurdering da avvist. Ein dispensasjon vil dessutan svekke den regionale planen som styringsverktøy.

2. Spørsmålet om vinterbrøyting kan om ønskeleg takast opp ved rullering av Regional plan for Hardangervidda. Tidspunkt for rulleringa av den regionale planen vert avklart i dei tre fylkas planstrategiar.

3. Eit eventuelt prøveprosjekt krev eit positivt vedtak i alle tre fylkeskommunar fordi dette vil vere i strid med ein felles vedtatt plan.»

I Handlingsprogrammet (prosjekt 6) til den regionale planen, er det beskrevet pågåande arbeid for å kartlegge aktivitet og eventuelle verknader av inngrep og ferdsel på villreinens bruk, framtidig bruk av Lufsjåtangen, og vurdering om oppfølgjande tiltak. Prosjektet er gitt prioritet høg, og Telemark fylkeskommune har prosjektansvaret.

Svar på dykkar førespurnad:

Fylkesrådmannen rådar at dykkar førespurnad blir tatt med som innspel til rulleringa av Regional plan for Hardangervidda.

John Martin Jacobsen  
Seksjonsleiar vegseksjonen

Irene Velure  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Saksframlegg: Søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell